

# HYRDINGEN

NR. 4

August 2012

ÅRGANG 54

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



*Speidarleir i Vats  
Samla 460 ungdommar*

*Side 6-7*



*Teltmøter i Skjold  
i fleire veker*

*Les meir side 5*



*Vikebygd kyrkje feirar 75 år, 15. - 23. september. Side 8*



**HYRDINGEN:**  
Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3535.10.39122  
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,  
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:**

##### **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedreliid, Eiotunet,  
Pb. 60, 5588 Ølen  
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22  
Epost: johannes.nedreliid@  
vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

##### **Soknepresten i Skjold**

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold  
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89  
Kontortid: Tys 9-15  
Jon Ådnøy (vikar)  
Mobil 932 45 645  
jon.adnøy@  
vindafjord.kommune.no

##### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Kommunehuset,  
Pb. 40, 5583 Vikedal.  
Tlf. 53 65 56 17 -Mobil 413 25 280

Kontortid: Tor 9-15

Forværelse:  
Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

**Prostiprest/fengelsesprest:**  
Arlid Markussen tlf. 944 39 639

Mandag er prestane sin fridag.

##### **Organistar:**

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

**Kyrkjeverja i Vindafjord**  
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

##### **Soknerådsleiarar:**

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vikedal: Herdis Pedersen  
Sandeid: Rakel Årak  
Vats: Arild Urdal  
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug  
Bjøa: Trond Ove Alvseike  
Vikebygd: Brit Nelly Tveit  
Skjold: Ottar Krakk

# Presten har ordet

ved prest Johannes Nedreliid



## Lengsel

Dei aller fleste av oss kjenner bibelfortellinga om Sakkeus. Han var rik, han kunne kjøpe seg det meste han hadde lyst på og kunne såleis greitt fylle behova sine. Men det vi les om denne mannen er at der var ikkje alt som kunne kjøpast for pengar. Han var ikkje fornøgd, han var på leiting etter noko meir. Rikdomen fyllte ikkje alle behova. Der var ein lengsel som den ikkje kunne stette. Så høyrer han om Jesus og får vite at han går forbi. Han er nyskjerrig, han vil vite meir. Men sjølvsagt vil han vere diskre, så sjefen klatrar opp i eit tre der Jesus går forbi. Her er han skult, han kan han sjå, for han var liten av vekst.

Eg trur mange av oss kjenner oss igjen i Sakkeus. Dei aller fleste av oss har det godt, vi har det vi treng, og kan raskt skaffe oss noko nytt om det er spennande. Men eg trur at mange av oss opplever at det å ha ting, kunne skaffe oss det vi ønsker, ikkje fyller alle behov. Der må vere noko meir enn berre desse materielle tinga. Vi ønsker og vi lengter etter heilheit, akkurat slik som Sakkeus gjorde.

Dei siste åra har vi gått pilegrimsvegen til Santiago de Compostela. Der har vi møtt og snakka med mange som tok føtene i bruk som Sakkeus, for å lytte til lengselen og tenke over kva dei ønsker for å gjøre slik at der blir heilheit i livet. I år møtte vi ein normann som vi snakka litt med. Han hadde ei god stilling, men fann ut han måtte gjøre noko anna, så han sa opp jobben og tok seg nokre veker på pilegrimsvegen. Når vi traff han siste dagen

før han var framme hadde han fått sett kva han ønskte å gjere vidare.

Denne lengten i oss snakkar vi ikkje så mykje om, og gjerne er det ofte vanskeleg å setje ord på han og, men eg trur innerst inne så er det med oss som med Sakkeus. Der er ein lengt etter Gud, til å få han inn i livet vårt, slik at der blir heilskap. Eg trur gamle kyrkjefader Augustin hadde rett når han sa: "Mennesket søker kvilelaust omkring inntil det finn kvile hos deg."

Vi kan lære av Sakkeus. Han gjorde noko aktivt for å finne meir ut av denne lengten etter heilskap, og han fekk seg ein positiv overrasking. Jesus såg han, Jesus visste om han, Jesus visste også om lengselen hans og Jesus møtte han og inviterte seg inn hos han. Han inviterte seg til fellesskap. Slik er Jesus også i dag. Vi kan ikkje sjå han som han, men han er nær kvar einaste av oss gjennom den heilage Ande. Han inviterer seg til fellesskap med oss, der vi også kan få heilskapen vi søker, når vi seier ja takk til invitasjonen. Då kan det skje med oss som det skjedde med Sakkeus. Han fekk eit anna fokus. Urett som han hadde gjort ville han ordne opp i, og det han eigde var ikkje berre for seg sjølv, han ville også dele med andre som hadde bruk for noko av det han eigde. Sjølv om ikkje bibelfortellinga seier det les eg ut av fortellinga at han fekk heilskap over livet sitt, slik eg og du også kan få det.

Luk. 19, 1-10

## Vikarprest i Skjold og Vats

Bispedømmerådet har tilsett Jon Ådnøy som vikarierande sokneprest for Skjold og Vats frå 18. august og fram til ny sokneprest er fast tilsett. Han bur i Haugesund og skal ha kontortid i Skjold kyrkje tysdagar kl. 9 – 15:00. Elles er han å treffa på mobiltelefon 932 45 645.

I tillegg til ein del år som journalist i NrK og Haugesunds Avis, har Ådnøy bak seg teneste som sokneprest i Florø (10 år), Torvastad og Utsira (9 år) og eit år på Jelsa. Han kjem nå frå teneste som sjømannsprest i byen Alanya i Tyrkia, der han har vore i tre år. Ådnøy fortel at han og kona har tre barn og fire barnebarn som alle bur i Rogaland. Han gler seg til å ta fatt på tenesta i Vindafjord. -Erfaringa som sjømannsprest er god ballast i møte med nye menneske og liturgiar. Eg er open for nye ting, seier Ådnøy.

## Redaksjons- pennen



Av Steinar Skartland

Sommaren er ei tid for å reise, men og ei tid for å møtast og samlast. Ein del vel familieleir, misjonsstemne eller speidarleir. Dei eldste minnest årlege stemne med hundrevis og kanskje fleire tusen menneske. På Lundeneset kom dei mann av huse. Det var ikkje plass inne, men dei sessa seg på stolar eller pledd på plenen ute. Til fjellstemna gjekk små og store flokkavis oppover stiane til møter med forkynning, song og nistemat.

Det er få lokale fjellstemne att. Tradisjonane endrast og konkurransen er stor frå festivalar, opplevingstilbod og utanlandsreiser. Det er 'meg sjølv' i sentrum nå. Dei store misjonsorganisasjonane kallar ennå inn til storstemne. Dei mest aktive kristne reiser dit.

Det er flott at bygdene er kreative og lagar kulturelle arrangement som engasjerer lokalt, men dei fleste store festivalane har eit hovudinnslag: Alkohol. Vil nokon innskjerpe høvet til skjenking og fyll, ropar dei: -Det går ikkje an å arrangera noko utan alkoholsal!

Midt oppi dette ropar politi og helmyndigheiter eit alvorleg varsku. Rusproblema breier om seg. Nyleg vart det i media peika på alle dei borna som har rusavhengige foreldre. Men også når 'vanlege' familiar reiser til Syden, rusar far og mor seg og gløymer borna. Kontrasten er stor frå misjonsstemna som inkluderte familien i glede, jubel, lovsong og oppbygging; til festivalar og arrangement når politi, ambulansar og barneværn fortel om sine utfordringar der.

Då er det gledeleg når 700 møter til friluftsgudsteneste på speidarleir i Vats, og når eit stort telt i Skjold fyllast kveld etter kveld til evangeliske møte. Folk har trong for å koma samen og fyllast av gledestrusen - av å vera saman, få og dela. Takk til alle som får dette til utan rusmiddel.

# Seiersglede på Lundeneset



**Gleden var stor for deltakerne på årets «Vi over 60» på Lundeneset, da Norge vant semifinalen mot Korea under årets sommer-OL.**

54 deltakere og 10 ledere var samlet til årets «Vi over 60» på Lundeneset dagene 8.-12.8. Her var det deltakere fra Smøla i nord til Flekkefjord i sør, fra Oslo i øst til Bømlo i vest.

«Vi over 60» har vært arrangert i mange år. Vanligvis pleier samlingen å være første helga i juli, men i år ble den utsatt en måned. Talere disse dagene var Steinar Harestad og Hans Kristoffer Goa fra Tananger, og Kjell Haaland fra Stord.

Selv om gleden var stor over Norges plass i kvinnehåndballsfinalen i sommer-OL i London, så var den største gleden for deltakerne å få høre om den seier som Jesus har vunnet for oss mennesker. Dette er en seier vi får del i som ikke bare har betydning for dagene vi lever her på jord, men som har rekkevidde for livet etter døden.

Det var også sterkt fokus på det misjonsarbeidet som vår organisasjon (NLM) står i. Deltakerne fikk også del i den flotte utfordring som Lundeneset VGS har med å være en kristen videregående skole for 180 elever.

Georg Mork

# Kongens Fortenestemedalje

Tomas Finnvik fylte 75 år den 11. august. Under feiringa dukka ordførar Ole Johan Vierdal opp og kunne fortelje at han kom i eit spesielt ærend: å overrekke Kongens Fortenestemedalje i sølv.

Tomas Finnvik har vore svært aktiv i mange samanhengar lokalt, mellom anna i kyrkjeleg samanheng i Imsland. Hyrdingen vil koma tilbake med nærmare omtale av dette i neste nummer, men vil her nyitta høvet til å gratulera Tomas Finnvik med dagen og med Kongens Fortenestemedalje.



FOTOGRAF: Elin B. Øvrebø/Grannar

# *Avskjedsintervju med prestane Sigrunn Hagen Arnesen og Martin Ivar Arnesen*

Presteparet Sigrunn Hagen Arnesen og Martin Ivar Arnesen har sagt opp stillingane sine, og dei er reist frå Skjold då dette nummeret av Hyrdingen kjem ut. I den samanhengen har ein av Hyrdingen sine medarbeidarar hatt eit avskjedsintervju med dei, og han starta med spørsmålet kviðor dei slutta.

Martin Ivar: Etter å ha vore på ein plass i 9 år kan det vera behov for nye utfordringar.

Sigrunn: Det er ønskjeleg for oss begge å ha to fulle stillingar, men det er det vanskeleg å få når ein bur her i Skjold.

Den 18. august byrja Martin Ivar i ny soknepreststilling i Strand kommune med bustad på Tau. Same dato byrja Sigrunn som sokneprest på Jelsa med Jelsa og Erfjord som tenestestader. Ho kjem til å bu i leilighet på Sand slik at det vert ein del pendling for familien. Av dei fire døtrene deira er det berre den minste, Astrid Helene, som følgjer med faren til Tau for å gå på ungdomsskulen. Den nest yngste skal gå siste året på Lundeneset vidaregåande skule, og ho vil såleis berre vera heime i helgane. Den eldste har gifta seg i sommar, og den nesteldste er gift.

Prestane tykkjer tida i Skjold/Vats har gått fort frå dei kom her sommaren 2003 (innsett i embete 22.6.03 i kvar si halve stilling.) Før dei kom til Skjold var Martin Ivar regionsleiar for NMS i Stavanger i 3 år, og Sigrunn hadde jobb som diakon i ein kyrkjelyd.

I 2000 kom dei heim frå misjonstenste på Madagaskar etter å ha vore ute sidan 1989 med nokre få korte opphold i Noreg i mellomtida.

Det er såleis eit prestepar med sterk bakgrunn i misjonsarbeid som forlet Skjold/Vats no. Hyrdingen sin medarbei-

dar stiller spørsmål om kyrkjesøkinga i Skjold/Vats på nokon måte kan samanliknast med slik det var på Madagaskar, men prestane smiler og meiner det er ikkje så mykje grunnlag for det.

På Madagaskar var oppmøtet til gudsteneste stort sett fulle hus, og kom ikkje folk undrast naboar på om dei kunne vera sjuke. Slik er ikkje tilhøva i Noreg og heller ikkje i Skjold/Vats, men prestane er likevel svært glade for at mange av bygdefolket har funne vegen til Guds hus.



Særleg har folk kome i samband med dåp, konfirmasjon og gravferder og høgtider som jul og 17. mai. Mange har vore svært hjelpsame i samband med å ta på seg oppgåver i kyrkja, og barnekor og G 17 har trekt folk med i gudstenesta.

Martin Ivar har hatt stor glede av konfirmantarbeidet, og Sigrunn trekker fram arbeidet med elleveåringane og landsopplegget med "Lys vaken" der desse får gjera seg kjend med kyrkja. Begge er dei svært glade for framveksten av G 17 gudstenestene der mange ungevaksne deltek aktivt.

Å forkynna evangeliet er eit sentralt ledd i prestegjerninga, og Martin Ivar har halde ein god del bibeltimar i desse åra han har vore her. Både han og Sigrunn ser eit stort behov for å gi bibelkunnskap til dei unge. Arbeidet med trusopplæring er difor eit viktig satsingsområde for kyrkja, og Martin Ivar og Sigrunn er svært engasjerte når me snakkar om dette emnet. Dei vonar inderleg at Vindafjord skal få på plass stillinga som kyrkjelydspedagog, og at både kyrkjelyden og kommunen støttar opp om dette tiltaket. Dei ser dette som ikkje berre økonomisk støtte til bibelkunnskap, men også som førebyggjande arbeid for dei unge for å gjera dei til gode samfunnsborgarar.

I samband med gudstenestefornyinga som no kjem, er dei svært spente på korleis denne vil slå ut i kyrkjelydane. Martin Ivar meiner det er viktig å satsa på kvalitet i staden for kvantitet. Ordninga legg mellom anna opp til større deltaking frå kyrkjelyden, og dette har dei stor tru på. Men dei strekar under at det er svært viktig å ta vare på dei friviljuge medarbeidarane, for dei gjer eit utruleg godt arbeid. Ellers er dei svært nøgd med det gode samarbeidet mellom skule og barnehage, og dei vonar dette vil halda fram.

Å vera prest er eit privilegium når det gjeld å verta kjent med folk, ytrar dei begge. Og når dei no ser attende på åra i Skjold og Vats, vil dei minnast dei mange venene og kjenningane med glede og takk. Hyrdingen på si side vil retta ei varm takk til dei begge for tida i Skjold og Vats, og ønskja dei lukke til i dei nye embeta.

*Trygve Sandvik, Vestre*

## *Inspirasjons-samling i Skjold kyrkje*

**Torsdag 20.sept. kl.19.00 er kvinner i alle aldrar velkommen til INSPIRASJONSKVELD på tvers av bygdene i distriktet.**

HILDE HALVORSEN, som i mange år har arbeidd med trusopplæring, evangeliisering og diakonalt arbeid blant

kvinner i Mali blir med. Gjennom frisk og livsnær formidling vil ho dele frå si erfaring. Tema for kvelden er: "Frø som spirer".

Me vil også få innslag frå kvardagen i vårt nærmiljø. Lina Fisk Eide og Hildegunn Kinne Solsvik vil delta med song

og musikk. Fellesskap rundt matbordet er ein viktig del av kvelden.. "Husfreiden" tar ansvar for servering. Me håpar at mange set av kvelden og blir med.

*Aud Vihowde Hofstun  
(distriktsleiar; Normisjon)*

# Teltmøte i Skjold

15. juni vart det reist møtetelt ved Skjold skule, og det var planlagt å ha møte fram til 26. juni. Kveld etter kveld vart teltet fylt, og møteverksemda vart forlenga fram til 4. juli.

Det var Den Indre Sjømannsmisjon som hadde møta, og talarane var songevangelist Paul Mattis Nørstebø og sekretær Georg Kallevåg. Tone Kallevåg og Arne Hansen – mannskap på Elieser - kom rett frå teneste om bord for å vera med å dela mykje fin song med alle frammøtte.

Nørstebø og Kallevåg veksle på å leia og vera talar for kvelden. Dei gav møtedeltakarane mykje gjennom klår forkynning og god song og musikk.

Det er ikkje ofte at ordet vekking vert nytta nå til dags, men vekking var det her. Nokre fekk ta imot Jesus som sin frelsar, og andre vart fornya i si tru. Det



kom folk frå mange nabobygder, og me som var der, reiste heim tende med ny glød og takk til Gud for bodskapen me hadde fått høyrt.

Kaffi og noko å bita i stod klart då møta var slutt, og folk stansa for å samtalao og gle seg i lag.

Det er no bestemt at teltmøta skal ta kast opp att til hausten, i tida 28. aug. til 9. sept. Då vert teltet å finna i Øvre Vats.

Jens Tveit

## Teltaksjonen held fram ved Øvre Vats barnehage

Frå 28. aug.: kvar kveld kl 19.30. Talarar Paul Mattis Nørstebø og Georg Kallevåg. Mykje god song og musikk.



## Vikestølsmøtet

Bygdene våre var i si fagraste sommardrakt, med sol og varme, under stemnet på Vikestølen 8. juli. Om lag 40 møtte då til hovudmøtet kl. 12:00. Offiser i Frelsesarmeén, Sten Sverre Syvertsen, hadde ein frisk tale for dagen der han minna oss om velsigninga for kvar som er lydig, som Noah då han i tru bygde Arken.

Vår Gud må få komme til med sin bergingsplan for kvar enkelt av oss.

I ettermiddagsmøtet heldt Hans A. Aasbø andakt og minna om at møta stod i ein rik tradisjon: den haugianske, som vart største kristne og kulturelle vek-



kingsrørsla vårt folk har møtt. -Også i vår tid må folket vårt byggja på Jesus Kristus, påpeika han.

Marta M. Aasbø song solosong, og fleire deltok med helsingar i eit møte prega av mykje song om Jesu namn.

Eit styre med repr. frå kvar av kyrkjesokna Ølen, Bjoa, Vikebygd, Skjold og

Vats har frå starten i året 1900, arrangert møta.

I år vart Olav Granberg vald som nytt styremedlem frå Ølen sokn. Dei andre i styret er:

Hans Asbjørn Aasbø (leiari), Steinar Skartland, Endre Stople og Jørgen Landa.  
Styret

## Fellesmøter på Bjoa

I midten av oktober får Bjoa besøk av evangelist Håkon Fagervik frå Nordic Mission. Håkon Fagervik er kjent i fleire samanhengar i Norge, både som forkynnar og songar. Han har bakgrunn som evangelist i Misjonsforbundet, men starta for nokre år sidan stiftinga Nordic Mission. Dei har eit bønnesenter i Levanger, og mykje av Fagervik sitt arbeid er konentrert rundt bønn. Han deltek ofte på

bønneveker som blir arrangert rundt om i landet. Mest kjent er «Bønn for Oslo» som er eit årleg arrangement mellom menighetane som er i hovudstaden.

Det er Bjoa Kyrkjelyd saman med Bjoa Misjonsmenighet, som har invitert Fagervik til Bjoa for ein møteserie og bønneskule. Møtene tek til 11. oktober kl. 19.00 i Bjoa Kyrkje, og varer fram til sundag,



med avslutningsmøte kl. 11.00. I tillegg vil det vera Bønneskule på Innbjoa Bedehus, 11. – 13. oktober kl. 09.00.



## *Speidarleir i Vats*

Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM-speidrarar arrangerte kretsleir i Vats første veka i juli.

Om lag 460 deltakrar fekk oppleva ei

veke med leik og moro, alvor og skjemt, sol og regn.

Ein ekte speidarleir med byggverk utan spiker, matlagning på bål, bibeltimar,

leirbål, gudsteneste, haik til Friarane og Refsnes, turneringar, misjonsmarknad, aktivitetsøkter, kanopadling .....



Lova, Sandrine og Feno frå Madagascar saman med leirpresten Martin Ivar Arnesen. På misjonsmarknaden og kyrkjeofferet kom det inn til saman 23 000 kr som m.a. går til støtte til speidararbeid i Ihosy på Madagascar



Martin og Per Øyvind Valen fekk opp stemninga på leirbåla.



Glimt fra speidarleiren. Full aktivitet, og god stemning!



Gudstenesta søndagen samla 700, og to born vart døypt; Johanna Krakk og Sander Osmundsen. Begge fekk speidarskjef i gave av kretssekretær Birte Barane.

# Vikebygd kyrkje 75 år

## Vikebygd kyrkje



Framsida av jubileumsboka.

Vikebygd er ein gammal kyrkjested, men har forholdsvis ny kyrkje. På to år mista bygda to kyrkjer i dramatiske brannar, henholdsvis i 1926 og 1928.

Etter den siste brannen i 1928 vart det strid mellom folk på aust sida og vest sida av fjorden om kor og korleis kyrkja skulle byggjast opp att. Etter mange år med møter og brevveksling mellom ulike instansar vart kyrkja endelig vigsla 23.september 1937.

At kyrkja vår er 75 år vil me feire ei heil veke med ulike arrangement .

Det heile startar laurdag 15.september då alle fireåringar vert invitert til ein bli kjent dag i kyrkja. Dagen etter blir det "Sprell levande" gudsteneste med utdeling av bibel til 4-åringane og presentasjon av konfirmantane.

Torsdag på dagtid skal skule og barnehage få bli kjend med kyrkja som kulturerbar og som heilagt hus.

Fredag 21.september blir det konsert med lokale krefter, og til slutt vil me ha festgudsteneste 23.september kl. 11.00 med påfølgande fest på bygdahuset med sal av middag.

I samband med jubileet er det laga ei bok som kjem for sal.

Soknerådet ynskjer alle velkomne til å ta del i feiringa av kyrkja vår.

## Vikebygd kyrkje 75 år Program for jubileumsveka:

### Laurdag 15.09 kl. 15.30 – 17.00:

4 åringane vert invitert til bli kjent dag i kyrkja

### Søndag 16.09 kl. 11.00:

Sprell levande gudsteneste/haustakke fest ved kateket Britt Karstensen. Utdeilinga av bibel til 4 åringane og presentasjon av konfirmantane

Kyrkjekaffi

### Torsdag 20.09.2012, dagtid

Kyrkjevandring for barnehageborn og skuleelevar

### Fredag 21.09 kl.19.30:

Konsert med lokale krefter. Biletsal

### Søndag 23.09 kl.11.00:

Festgudsteneste ved sokneprest Johannes Nedreliid og prost Arne Øystese. 50 års konfirmantar deltek. Etter gudstenesta vert det festsamling på bygdahuset med sal av middag, kaker og kaffi.

## Vidare med det viktigaste

Det er det det handlar om når me går rundt etter runde for å få til stilling for arbeid med barn og unge. Viktige verdiar, kristen identitet, ei trygg og raus tru. I skrivande stund er me spente på kven som vil hjelpe oss å gå vidare med det viktigaste, om me får søkjurar til fristen den 20. august. Første runde i juni gav ikkje tilstrekkeleg grunnlag for tilsetjing. Men vår gode kateket gjennom mange år, Britt Karstensen, har takka ja til å utvide si stilling frå 50 til 70 prosent, der dei siste 20 blir lønna av innsamla midlar. Så me er i gang! Britt hadde ein runde til dei mange sokna og møtte engasjerte frivillige i arbeidet med barn og unge før sommaren. Då stod det på planen å drøfte planar og ønskje for dei nye stillingsressursane.

Britt fortel at tiltak som "Lys Vaken – adventsnatt i kyrkja" for 11-12 åringane har gitt inspirasjon til å utvikle dette og tilsvarande tiltak. Nye tidsavgrensar tilbod for 6-7 åringane og leiartrening for ungdom var to av satsingsområda som blir prioritert høgt. Mange var også engasjert i barn og unge si deltaking i gudstenestlivet og kor-

leis denne kan styrkast. Dei frivillige var opptekne av å ha godt samarbeid på tvers av bygdene, samtidig som dei ønskjer å ta vare på det lokale arbeidet med tryggleik og kontakt med eigen kyrkjelyd. Britt peikar på at det i samband med den omfattande trusopplæringsreforma er utvikla materiell for mange gode konsept, så her er det berre å ta fatt med gode hjelpemiddel.

Med ny utlysingsrunde kan det ta litt tid før kyrkjelydspedagogen i halv stilling er på plass. Det er avklart at det i mellomperioden kan vera mogeleg å leige inn personell på timebasis for å kome i gang med nokre av dei nye tiltaka. Det er fellesutvalet for trusopplæring (FUT) som skal ta stilling til dette ut frå innspela Britt har fått med seg.

Det er gjort ein stor jobb med å skaffe inntekter og lage formell avtale mellom Fellesrådet og alle dei åtte sokneråda for dette samarbeidet. Finansieringsbarometret viser no at me ha tryggleik for kr. 400.200 pr. år. TUSEN TAKK TIL ALLE SOM BIDRAR! Jobben med å samle inn pengar vil likevel halde fram. Kyrkja har

ein komplisert struktur som gjer at det fort blir litt tungrodde prosessar når så mange skal samarbeide. Difor har det vore godt å kunne konsultere Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon og få gode råd. Men alle formalitetar i ein slik prosess er berre stillaset i det eigentlege: Å gå vidare med det viktigaste, og skape gode opplevelingar for barn og unge i den ramma som kyrkja gir for livet.

*Kari Vik Stuhaug  
Leiar Felles utval for trusopplæring*

### Finansieringsbarometer Kyrkjelydspedagog i Vindafjord



# Konfirmant i Vats 5. august



Koret sang *Hallelujah* satsen fra Handels Messiah som postludium. (Konfirmanten var med og sang bass stemmen). Prest: Ida Greve (venn av familien).

Det ble en spesiell og innholdsrik gudstjeneste med mye musikk og sang av konfirmanten, Ola Meling Johannesen og konfirmantens familie og venner.

Konfirmanten bor i Bangkok, Thailand og er sønn av Dag og Solveig Meling Johannessen som er misjonærtsen-

dinger fra menigheten. Familien er svært takknemlig for all forbønn og støtte fra menigheten de 14 årene de har vært misjonærer i Thailand, og satte stor pris på å få lov å ha konfirmasjonsgudtjeneste for yngste sønn i Vats Kyrkje.



# Konfirmantane i Vikebygd 13. mai



(Framme:) Mathias Vik, Marcus Grindheim, Vegard Skartland, Håvard Larsen  
(Bak:) Tobias Steinsvik og Stine Lise Espeland,  
Saman med sokneprest Johannes Nedrelid

**SUPER-SØNDAG**  
*i Søndagsskulen*

Søndag 2. september er årets SUPER-SØNDAG der søndagsskulane samlast i Grinde & på Stemnestaden. Det blir ein spennande start for dei som går på søndagsskulane i krinsen med denne familiedagen. Kl. 11:00 start i Skjoldhallen med Jarle Waldemar. Kl. 12:00 Aktivitetane på Stemnestaden og Grinde: Ponniriding, lykkehjul, sumobrytardrakter, hoppeslott, sandkasseleker, ansiktsmaling, fotballcup mm. Kl. 16:00 Familiekoncert med Jarle Waldemar i Skjoldhallen

# ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til  
Lundeneset

## Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

 Vi er en del av   Vi er en del av  



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



## Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01  
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



## Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

## VIKEDAL

### Vikedal ungdomsklubb:

8.-10.klasse har klubbkveld kvar 14.dag. Oppstart fredag 28.sept. kl.19 –23.00 Meny: Taco – gratis

### Ungdomsklubben jr. 5.-7.klasse, har annakvar torsdag.

Oppstart torsdag 27.sept. kl.18.00 – 20.00. Meny: pølse-brød gratis. (Ansv.: Vikedal Sokneråd)

### SAMLINGAR i Eldrestova (Vikedal) hausten 2012

Oppstart onsdag 5.sept. kl. 15.30 – 17.00. Programmet er: Allsong, andakt, kaffistund og hygge. (Ansv.: Diakoniutvalet)

**Misjonsgruppa for NMS i Vikedal, Basar/Messe 27. okt.**  
kl.13.00. Sjå plakat i okt. Arr.:NMS-for.

**Nedre Vats Helselag. Basar på Kårhus bedehus, fre 14.**

sept. kl 19. Alle hjarteleg velkommen

**Demensaksjonen 2012.** Bøsseinnsamling i veke 39: 24.-30. sept. Ta vel i mot oss

## LOPPER OG AKUSJONSVARER



### Til Kyrkjedag laurdag 22. september

Me ynskjer: Gamle ting, møbler, sportsutstyr, leikeutstyr, heimelaga handarbeid (ikkje kle og sko).

Me hentar i huset! Kontakt: Olav Granberg Ølen, tlf 952 17 818, Lars Dalen, Ølensvåg, tlf. 982 86 826

-Kyrkjedagane 2012

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](#)



## GRAVSTEIN



Se vår store  
utstilling, eller ring  
og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

# FRÅ KYRKJEBOKA

## SKJOLD

**Døpte:**  
08.07. Matilde Serine Strømø Berge  
29.07. Tiril Eide Isaksen  
12.08. Linnea Nordtveit

## Døde:

02.05. Svein Magne Jacobsen f.1947  
28.05. Arne Sigfred Gullhaug f.1931  
12.07. Reinhard Polanig f.1954  
01.08. Henrik Magnus Ersland f.1933  
01.08. Einar Johan Dagsland f.1941

## VATS

**Døpte:**  
01.07. Sander Stokland Osmundsen  
01.07. Johanna Krakk

## Vigde:

26.05. Monica Nesheim og Anders Innvær  
02.06. Jorun Gjellestad og Jarle Evensen Teigen  
23.06. Mira Kalstveit og Jarle Sjurseike  
28.07. Synnøve Jørnsson og Glenn Aaltvedt

## Døde:

29.04. Øystein Kay Mostrand f.1928  
06.06. Aasta Aaserød f.1925

## VIKEDAL

**Døpte:**  
20.05. Ida Fosen  
05.08. Johannas Sørvik Steinnes (Motorbanen)

## Døde:

27.05. Ole Espenvoll f.1912

## SANDEID

**Døpte:**  
03.06. Lars Johan Steging Hustveit  
03.06. Brage Kvinnnesland

## Vigde:

11.08. Camilla Blandkjenn og Odd Egil Helgevold

## Døde:

08.05. Olene Margrete Stople f.1920  
25.06. Magne Andreas Helgeland f.1932  
20.07. Elisabet Vestbø f.1947

## IMSLAND

**Døpte:**  
17.06. Simen Hustveit Andreassen

## Vigde:

11.08. Laila Kristin Hustveit og Hans Tetlie Jakobsen

## Døde:

20.05. Ivar Vågen f.1923  
30.06. Bergit Mo f.1925  
02.07. Gunnar Kinn f.1928

## ØLEN

**Døpte:**  
Odin Mosaker Hundhammer  
Niklas Sjo Heggebø  
Sondre Steinsland  
Fillip Hauge Christiansen  
Niklas Hauge Christiansen  
Julie Nedrelid  
Sara Sandvik Landa

## Døde:

Anne Helen Lien  
Reiar Magne Lodden

## Vigde:

Karoline Taraldsøy og Alf Magne Heggen  
Kristine Heddeland og Vigleik Bakkedal  
Mona Ljosnes og Sondre Nordtveit  
Heidi Gregersen og Kim André Nesse Vorland  
Alf Magnar Habbestad og Dijana Babic  
Ingvild Espeland og Helge Grønstad

## BJOA

**Døpte:**  
Erlend Heggebø Søndenå  
Johanne Skålnes Sandsgård

## Døde:

Astrid Knutsen  
Klaus Vadbek Gangstø

## Vigde:

Kristine Rolfsnes og Per Jarle Haugland

## VIKEBYGD

**Døpte:**  
Lotta Eikehaugen

## Døde:

Einar Arne Birkeland

## Vigde:

Tove Aadland Sørvåg og Christian Linnerud Grønsveen  
13.06. Inger Karlsen og Toralf Gåsdalen

## MØTER OG KUNNGJERINGER

### Vågen bedehus

2.	sept	19.30	Søndagsmøte Tale v/ Georg Mork
5.	sept	19.30	Bønnemøte
9.	sept	19.30	Misjonsmøte
12.	sept	19.30	Bønnemøte
16.	sept	19.30	Søndagsmøte
19.	sept	19.30	Bønnemøte
23.	sept	16.00	Gratis søndagskaffi
26.-30.	sept		Møteveke NLM
3.	okt.	19.30	Basar NLM
7.	okt.	19.30	Søndagsmøte
10.	okt	19.30	Bønnemøte
14.	okt	16.00	Gratis søndagskaffi
17.	okt.	19.30	Bønnemøte

### Vikebygd bedehus

13.	sept.	19.30	Møte v/Orientmisjonen
27.	sept.	19.30	Møte v. Kåre johan Hamre, Indremisjonssamskipnad
11.	okt.	19.30	Gladsongkveld v/Georg Kallevåg, ISM.

### Øvre Vats bedehus

27.	sept.	19.00	Bedehusbasar
28.8-9.9		19.30	DISM Teltmøter v/ Ø.V.barnehage

### Kyrkjetunet - Ølen

31.	aug.		Semesterstart for kor og klubb. Koret har øving kl 17-18. Klubben startar kl 18. Kor og klubb annakvar fredag framover.
	1. sept.	16.00	Superlørdag F-16
	2. sept.	19.00	Opningsfest v/Oddvar Søvik
	6. sept.	19.00	Veldedighetskonsert
22. - 23.	sept.		Kyrkjeturdagane
	23. sept.	16.00	F-16 SHOW IT
	26. sept.	19.30	Kvinneforum
	4. okt.	19.30	Mannsforum

### Innbjoa bedehus

MINI-CREDO	Credo	Barnekoret	Themelia	Bedehus-møte
2.og 3.klasse	4.-7.klasse	4 år og opover	8.-10.klasse	Onsdagar kl
Onsd. kl 18-	Onds. 17.30-19.15	Torsd. Kl 18-20		
19.30	partalsveker	17-18	partalsveker	19.30 partals-veker
oddetalsveker	Oppstart	partalsveker	Oppstart 6.	Oppstart 5. sept.
Oppstart 10.	5.sept.	Oppstart	Oppstart	
	okt.	6.sept.	6.sept.	

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
<b>02. september</b> 14.s. i treeining/ vingårdsondag. Luk 17, 7-10	Høgmesse <b>Vikedal kl. 11,00</b> . Nattv. Konf.pres. Gullkonf. tek del. Takkoffer: Konf.arb. Soknemøte: Lokal grunnordning av gudst.	<b>Vats kl 11.00</b> Gudsteneste Nattverd Dåp Konfirmantpresentasjon Takkoffer: NMS	<b>Bjoa kl. 17.00</b> Familiegudsteneste. 4-årsbok. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer. Soknemøte etter gudstenesta
<b>09. september</b> 15 s. i treeinings- tida Luk 10,38-42	Høgmesse <b>Imsland kl. 16,00</b> Nattv.Konf.pres. Takkoffer : Kyrkjelydsarb. Prosten tek del.	<b>Skjold kl 11.00</b> Familiegudstenese med hausttakkefest Dåp Utdeling av 4-års boka Takkoffer: Sambolabo	Ølen kl. 11.00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
<b>16. september</b> 16.s. i treeinings- tida  Matt 5,10-12	Familiemesse <b>Sandeid kl.</b> <b>16,00</b> . Nattv. Takkoffer: NMS Misjonær Erik Tangedal tek del.	<b>Vats kl 11.00</b> Familiegudsteneste med hausttakkefest Dåp Utdeling av 4-årsboka Takkoffer: Sambolabo	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjetunet. <b>Vikebygd kl 11.00</b> Familiegudsteneste. 4-årsbok. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer. Innleiring 75.årsjubileum Vikebygd kyrkje
<b>23. september</b> 17.s. i treeinings- tida  Luk 7, 11-17	Familiemesse <b>Vikedal kl.</b> <b>16,00/Hausttakkefest.</b> Takkoffer: Landsbyutvikling, Madagaskar. Prosten tek del.	<b>Skjold kl 17.00</b> G-17 Gudsteneste Nattverd Takkoffer: NMS Kveldsmat	<b>Vikebygd kl. 11.00.</b> Jubileumsgudsteneste Vikebygd kyrkje 75 år. Korps, solosong. Takkoffer.
<b>30.september</b> 18. s.i treeinings- tida Matt. 8,5 – 13.	Familiemesse <b>Imsland kl.</b> <b>11,00/Hausttakkefest.</b> Takkoffer: Landsbyutvikling, Madagaskar.	<b>Vats kl 17.00</b> Generasjonsgudsteneste Nattverd Takkoffer: Bispedømmerådet	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer:
<b>7. oktober</b> 19.s.i treeinings- tida Joh 7, 14-17	Hausttakkegudst. <b>Sandeid kl.</b> <b>11,00</b> Takkoffer: Rogalandsgarden.	<b>Skjold kl 11.00</b> Gudsteneste Nattverd 50-års konfirmantane Takkoffer: Sjømannskirken	<b>Bjoa kyrkje kl. 11.00</b> Misjonsøndag. Nattverd. Takkoffer. NMS
<b>14. oktober</b> 20 s. i treeiningstida Mark 10,2-9	Høgmesse <b>Vikedal kl. 11,00</b> Nattv. Takkoffer : Blå Kors.	<b>Vats kl 11.00</b> Gudsteneste Nattverd 50- års konfirmantane Takkoffer: Sjømannskirken	Ølen kl 19.00 Misjonsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: NMS
<b>21. oktober</b> 21.s.i treeinings- tida.  Luk 16, 19 - 31	Høgmesse <b>Imsland kl. 11,00</b> Nattv. Takkoffer : NMS. Misjonær Anne Marie Reimers tek del.	<b>Skjold kl 17.00</b> G-17 Gudsteneste Nattverd Takkoffer: G-17 Kveldsmat	Ølen kl. 16.00 Familiegudsteneste. Utdeling av barnebibel til 4-åringar. Takkoffer. <b>Vikebygd kl. 11.00</b> Misjonsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: NMS



Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 18. okt.  
Stoff kan sendast til:  
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.  
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no  
Frist for innlevering av stoff: 29. sept.

*“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)*